



Charlotte Taule Fosse

Referansar:

Dykkar:

Vår: 19/2051 - 19/16463

Saksbehandlar:

Silje Vikøren Palmesen

silje.vikoren.palmesen@radoy.kommune.no

Dato:

13.11.2019

Referat frå møte i Skulemiljøutvalet ved Manger skule 12. nov 2019

Tilstades:

Foreldrerepr	- Joakim Hella Ulvatn
Foreldrerepr	- Marit Johnsen
Foreldrerepr	- Lene Therese Grindheim
Repr frå SFO-foreldra	- Jarle Brandsdal
Repr frå Råd for andre tilsette	- Charlotte Taule Fosse
Repr frå pedagogisk personale	- Kristian Kolstad Fjereide
Repr frå pedagogisk personale	- Rut Alise Kongevold
SFO-leiar	- Nina Larsen
Repr frå Elevrådet	- Vetle Grindheim Håland
Repr frå Elevrådet	- Oda Sofie Lilletveit
Repr frå Elevrådet	- Leah Tangen
Rektor	- Inger Morken Ellingsen

Repr frå Radøy kommune Vibeke Angelskår Erstad hadde meld forfall.

SAK 1: Konstituering

Leiar:	Jarle Brandsdal
Nestleiar:	Joakim Hella Ulvatn
Skrivar:	rektor Inger Morken Ellingsen

Sak 2: Skuleruta

Vedtak:

Skulemiljøutvalet ved Manger skule ynskjer skuleruta slik framlegget ligg føre med følgjande endringar:

Første skuledag: onsdag 12. august

Siste skuledag: torsdag 17. juni

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

Sak 3: Arbeid kring §9a skulemiljøet

Rektor informerte om korleis skulen jobbar med skulemiljøet.

Alle tilsette er med på nettkurset Skulemiljø og krenkelsar gjennom Utdanningsdirektoratet. Er i sluttfasen på dette 1 ½ årige prosjektet.

Alle skulane i Radøy er på prosjektet «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» - også dette via Utdanningsdirektoratet og ein annan variant av nettkurset. Me er i pulje 3, Meland og Lindås har no også meld seg på og er i gruppe 4, dette vert då eit felles prosjekt for Alver kommune.

Elevundersøkelsen skal gjennomførast med det første for 5-7 trinn. Obligatorisk for 7. trinn.

5-7 trinn har også gjennomført Spekte denne hausten (haust og vår over fleire år).

Spekte er eit ikkje-anonymt verktøy for skular/lærarar, som vert nytta til å avdekkja mobbing og kartleggja læringsmiljøet i ein skuleklasse. Verktøyet er utvikla av Læringsmiljøsesteret og Erling Roland. Spekte finn ein både i digitalversjon og i papirversjon. Manger skule har nytta papirutgåva. For litt tilbake vart det kjent at Arendal kommune har fått forbod mot å nytta undersøkinga av Datatilsynet. Datatilsynet meiner kommunen si bruk av Spekte er i strid med kravet til personvern. Skular i både Radøy, Lindås og Meland kommunar nyttar i dag Spekte-undersøkinga.

Me må avventa vidare bruk til me får nærare informasjon. Info er sendt heimane på 5-7 trinn.

Rektor informerte også om at med på individnivå nyttar eit varslings skjema når tilsette, heimar eller elevar melder frå om negative ting i høve skulemiljøet. Saka skal så undersøkjast og etter ei viss tid skal stoda evaluerast og ein skal vurdera om ein skal avslutta saka eller går vidare og laga tiltaksplan.

Informasjon om §9a er gjeven på klasseforeldremøta.

På Radøy kommune si heimeside under Skular, ligg det også god informasjon om dette, i tillegg til andre nettstadar som t.d. Udir.no.

Rektor informerte om at det er utarbeidd to rutinar for Alver kommune:

«Rutine skulemiljø kap. 9a»

«Rutine og handlingsplan for utaggerande åtfærd, trugslar og vald i skulen». Her skal det utarbeidast diverse skjema til bruk i arbeidet.

Desse planane sender skulen til heimane næraste framtid og så må dei gjennomgåast på klasseforeldremøta i februar.

Sak 4: Uteområdet

Skulen har fått 500.000 til uteområdet. Pengane må brukast i 2019. TRESS har kome med forslag og tilbod. Utstyret er tinga, og det vert rekna med oppstart veke 50. TRESS ordnar alt med grunnarbeid og montering også. Rektor informerte om dei ulike leikeapparat me kjem til å få. I tillegg skal kantar, sandkassar mm utbetrast.

Sak 5: Budsjet/rekneskap

Ved siste oversikt pr. 31. okt. hadde skulen/SFO eit forbruk på 100%, så her ser du ut til at årsresultatet skal bli OK.

Sak 6: Elevtoaletta, låsar på elevtoaletta, varme

Elevane tok opp dette med støtte frå foreldra og andre. Mange elevar går ikkje på toalettet i skuletida av ulike årsaker. Veggane er ikkje tette, låsane er ikkje gode, det er kaldt der

Snorer manglar knottar ...

Dette vil verta sett på i samband med ei evt utbygging av skulen, men dette er fram i tid, og noko bør gjerast no. FAU sa seg viljuge til å sjå om dei kunne bidra, rektor tar det vidare med dei som har ansvar for bygg.

Det er innsyn frå gang inn i dusjane ved gymsalen. Dette vart prøvd justert då ein bygde nye garderobar, likevel ser det diverre ikkje ut til at ein har fått til å unngå innsyn. Dette tenkjer ein må la seg løysa på ein enkel måte. Rektor snakkar med vaktmestertenesta.

Med helsing

Inger Morken Ellingsen
Rektor Manger skule

Silje Vikøren Palmesen
sekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Charlotte Taule Fosse
Inger Morken Ellingsen
Jarle Brandsdal
Joakim Hella Ulvatn
Kristian Kolstad Fjereide
Leah Tangen
Lene Therese Grindheim
Marit Johnsen
Nina Larsen
Oda Sofie Lilletveit
Rut Alise Kongevold
Vetle Grindheim Håland